



Byggteam Vest AS
Flatøyvegen 57b
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/961 - 14/6935

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
07.05.2014

MERKNAD TIL MOTTEKE SØKNADAR OM ANSVARSRETT OG FERDIGATTEST TILKNYTT BYGGJETILTAK PÅ GBNR 10/36 I MELAND KOMMUNE

Det vert vist til søknader motteke 2.5.2014 om høvesvis ansvarsrettar og ferdigattest tilknytt oppføring av ei hytte på gbnr. 10/36 på Holmeknappen i Meland kommune.

Kommunen har tidlegare godkjent nemnde hytteoppføring, med tilhøyrande godkjenning av naudsynte ansvarsrettar, jf. vedtak av 16.1.2013 i DNT-sak 032/13.

Føretaket som opphavleg vart godkjent med ansvarsrett for funksjonane ansvarleg søkjar (SØK) for heile tiltaket, overordna prosjekterande (PRO) med unntak av sanitærinstallasjonar og slamfråskiljar og overordna utførande (UTF) med unntak av riving, sanitærinstallasjonar og slamfråskilja, er i ettertid slått konkurs (Walde Entreprenør AS). Før kommunen kan kan ferdigattestere tiltaket må difor eit nytt/nye føretak godkjennast med ansvarsrettar for funksjonane og fagområda som Walde Entreprenør AS var godkjent for før konkursen.

Kommuneadministrasjonen kan førebels ikkje handsame de mottekne søknadane frå dykk om høvesvis ansvarsrettar og ferdigattest på grunn av følgjande omstende:

- Dykkar søknad om ansvarsrettar er avgrensa til funksjonane SØK, PRO og UTF innanfor fagområdet «*tømmerarbeid*», medan ferdigattestering av det aktuelle tiltaket altså er avhengig av at enten dykk eller anna føretak vert godkjent med ansvarsrettar for alle fagområda som Walde Entreprenør AS opphavleg var godkjent for, jf. gjennomgangen ovanfor. Gjeldande krav for godkjenning av føretak følgjer av Saksbehandlingsforskriften (SAK10) kap. 9-11, medan ansvaret innanfor dei ulike funksjonane og fagområda går fram av SAK10 kap. 12.